



Kommunereforma

- eit val mellom to alternativ

Stortinget har vedteke at kommunane innan 30. juni skal vedta om dei vil etablera ein ny større kommune i lag med nabokommunar.

Regjeringa sitt mål for ny kommunestruktur er:

1. Styrka lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver.
2. Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane.
3. Berekraftige og økonomisk robuste kommunar.
4. Heilskap og samordning i samfunnsutviklinga.

Aurland kommunestyre har vedteke å leggja to alternativ fram for innbyggjarane til folkerøysting 23. mai 2016:

- **Aurland som eigen kommune**
- **Aurland går inn i ein ny storkommune saman med Voss og Vik**

Her finn du ein presentasjon av dei to alternativa

Innhald

Kommunstyreveidtak	2
Aurland som eigen kommune	3
Intensjonsavtale mellom Aurland, Vik og Voss	5
Vidare framdrift, førehandsrøysting, røysting og folkemøte	12

10.03.2016 Kommunestyret

KS-023/16 Vedtak:

1. Intensjonsavtalen mellom Aurland, Vik og Voss vert godkjent som grunnlag for folkerøysting.
2. Dokumentet Aurland kommune som eigen kommune vert godkjent som grunnlag for folkerøysting.
3. Det skal utarbeidast informasjonsmateriale og det skal gjennomførast folkemøte og informasjonsmøte.
4. Det skal gjennomførast folkerøysting 23.mai, i dei gjeldande valkrinsar. Førehandsrøysting frå 2. mai
5. Røysteretsalder vert sett til 16. år.
6. Manntalsført i kommunen pr 01.04.2016.

Samrøystes



NOTAT

Arkivsaknr.:
2014000638-60

Arkiv

Sakshandsamar
Noralv Distad, 57 63 29 29

Dato
03.03.2016

Aurland som eigen kommune

Etter ei samla vurdering av dei oppgåvane kommunane har i dag, nye oppgåver, økonomisk grunnlag, geografiske tilhøve og kompetanse er Aurland som eigen kommune eit aktuelt og realistisk alternativ.

Visjonen
Aurland – det naturlege valet

Aurland

Aurland har pr. 31/12 2015 1764 innbyggjarar. Det har vore vekst i folketalet dei siste 5 åra. Ein forventar vekst i reiselivet, som er den største næringa i Aurland, men og innan handel, produksjon, tenesteyting og bygg- og anlegg. Aurland er verdsarvkommune, har store, internasjonale turistattraksjonar, fleire kraftstasjonar og høg gjennomgangstrafikk. På dette grunnlaget har Aurland ansvar og store oppgåver utover det folketalet tilseier og ikkje minst store muleigheter for ei positiv samfunnsutvikling. Aurland har føresetnader for å kunna ta seg av desse oppgåvene i eigen kommune.

Mål og behov

Aurland kommune skal sikra eit velfungerande lokaldemokrati, yta gode og likeverdige tenester, ha evne til å ta på seg større oppgåver, vera ein berekraftig og økonomisk solid kommune, stå for heilskapleg samfunnsutvikling, fremja vekstkraft i eit variert næringslivet, vera fremst i landet på reiseliv med aukande heilårsaktivitet, utvikla eit verdsarvområde med berekraftig vekst.

Tenester

- Brukarnære tenester som kan løysast av Aurland kommune i eigen regi:
barnehage, skule, lege, fysioterapi, heimesjukepleie, sjukeheim, kultur, musikk- og kulturskule, NAV, førebygging barn og unge, tekniske tenester, brann og beredskap, landbruk, utmarksforvaltning, tannlege (frå 2020), næring.
- Spesialiserte tenester og funksjonar kan takast i vare gjennom interkommunalt samarbeid eller ved kjøp av tenester: PPT, barnevern, rehabilitering, Ø-hjelp, legevakt, renovasjon, IKT .
- Aurland kommune skal arbeida for best mogleg tilbod der stat og fylkeskommune har ansvaret: Pre-hospitale tenester (ambulanse), politi, vidaregåande opplæring, vegar, regional utvikling.

Samfunnsutvikling

- Aurland kommune skal syta for framtidsretta arealplanlegging, bustadbygging i takt med behov, næringsutvikling med fleire arbeidsplassar og miljø- og energiforvaltning med vekt på berekraft og verdiskaping
- * . Aurland skal utnytta sin strategiske posisjon, geografisk og næringsretta, til å sikra eksisterande arbeidsplassar og skapa nye som grunnlag for vekst i folketallet.
- * Aurland skal samarbeida med nabokommunane for å koma fram til gode regionale løysingar.

Lokaldemokrati

- Aurland kommune skal halda fram med 17 medlemer i kommunestyret og 5 i formannskapet.
- Ein skal ha stor vekt på reell innbyggjarmederknad-
- Aurland kommune skal ha gode rutinar for eigarstyring og bestilling av tenestekjøp

Geografiske tilhøve i høve kommunereforma

- Det er lange avstandar til nærmeste større sentra. Dette plasserer Aurland i kategorien ”ufrivilleg liten kommune” som gjer at ein ikkje taper på nytt inntektssystem slik det er skissert pr. i dag.

Økonomi

- Aurland kommune har solid økonomi og gode inntekter.
- Aurland er eigar i solide selskap som gjev avkastning til eigar og lokalsamfunn
- Aurland kommune skal ha fokus på god økonomistyring og effektiv drift.
- Ein skal arbeida for at kraftkommunane sine rettar vert ivaretkne.

Kompetanse og organisasjonsutvikling

- Aurland kommune har god kompetanse i eigen organisasjon
- Aurland kommune skal driva kontinuerleg organisasjonsutvikling med tanke på god leiing, høg kompetanse og effektiv drift.

Noralf Distad
ordførar




Intensjonsavtale

For samanslåing av kommunane Aurland, Vik og Voss

til

VOSS KOMMUNE



AURLAND KOMMUNE	
Journalpost ID 16/1449	Adm.ein. POL
Saksh. NCRDIS	
23 FEB 2016	
Arkivsak ID 16/241	Journalpost nr. 01
Ark.kode P NM-VIKING Voss KOMMUNE	
Ark.kode S C01	
Gradering	

1. Innleiing

Kvifor ny kommune:

- Sikra eit sterkt lokaldemokrati.
- Levera gode og likeverdige tenester i heile den nye kommunen.
- Ha evne til å ta på seg større oppgåver.
- Vera ein berekraftig og økonomisk solid kommune.
- Skapa vekstkraft i eit variert næringsliv i heile den nye kommunen.
- Vera fremst i landet på reiselivet og sikra berekraftig vekst i Nærøyfjorden verdsarvområde.
- Den nye kommunen skal arbeide for å halde oppe og styrka etablerte offentlege og private verksemder og vera ein attraktiv kommune for lokalisering av bedrifter og institusjonar.
- Styrka posisjonen som ein av dei mest attraktive idretts- og kulturkommunane i landet.

Etter ei samla vurdering av fordelane og ulempene ved ei eventuell samanslåing, står Aurland, Vik og Voss fram som eit høgst aktuelt og framtidsretta alternative for å byggje ein ny kommune. Ei samanslåing vil gje ein kommune med eit innbyggjartal som gjer at kommunen vil vera i stand til å handtera dei fleste eksisterande og nye tenesteoppgåver på eiga hand. Kommunane har felles utfordringar og interesser knytt til både tenesteproduksjon og samfunnsutvikling. Dersom planane om ny tunell gjennom Vikafjellet og planar om forbetringar av E16 vert realisert, vil dette føra til at kommunane vert knytt tettare saman i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion. Dagens avstands- og kommunikasjonstilhøve vil bli betydeleg forbetra. Dette vil gjera at fellesinteressene knytt til framtidig utvikling vert endå sterke, samstundes som det vert lettare å realisera dei potensielle gevinstane som ei samanslåing vil føre med seg. Aksen i retning Voss og Bergen blir oppfatta som viktig for framtidig utvikling av næringsliv og turisme både i Aurland og Vik, og fleire meiner òg at kommunesamanslåing vil føra til at desse samferdselsprosjekta vil få høgare prioritet.

Kommunane har i dag eit formelt regionsamarbeide der Voss er regionsenter. Positiv utvikling av eit regionsenter vil òg vera avhengig av eit aktivt og levande omland. Det samla inntrykket er at kommunane har mykje felles, og at ei samanslåing kan gje ein ressurssterk kommune med nye og spanande utviklingsmogelegeheter både knytt til samfunnsutvikling og tenesteproduksjon. Saman kan kommunane stå sterke i forvaltninga av verdsarvstatusen og byggja opp under regionen som eit av verdas vakraste reisemål.

Det er særskilt desse områda som peiker seg ut som felles: reiseliv, kraftutbygging, samferdsle, landbruk og lokal foredling.

For både Vik og Aurland er det naturleg å venda seg i retning Voss/Bergen både av historiske og geografiske årsaker

Aurland kommune, Vik kommune og Voss kommune har ut frå dette ein intensjon om å slå seg saman. Kommunane har forhandla fram ei felles plattform for ein ny storkommune i Sogn- og Vossaregionen som skal endelig handsamast i kommunestyra.

Kommunane har som mål å etablere ny kommune frå 1.1.2020.

Avtalen trår i kraft når alle kommunane har vedteke likelydande avtaler i sine kommunestyre, innan 1 juli 2016.

2. Kommunenamn, symbol og fylkestilknytning

Namnet på den nye kommunen skal vere Voss.

Fram til samanslåinga reit faktisk finn stad, skal kommunen nemnast «Nye Voss».

Kommunestyret er kommunen sitt øvste politiske organ.

Etter at Stortinget våren 2017 har godkjent søknad om kommunesamanslåing, vil det bli starta ein prosess med etablering av fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuing av samanslåinga.

Det skal utarbeidast nytt kommunevåpen, ordførarkjede og grafisk profil.

Tilknytning til fylke og eventuell endring i fylkesgrenser skal gjennomførast slik at den tener alle delar av ny kommune.

3. Prinsipp for samanslåingsprosess

Kommunane Aurland, Vik og Voss er ulike, men likevel likeverdige.

Ein ny kommune skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i dei tre kommunane sin styrke og sær preg. Lokal identitet og nærdemokrati skal få høg prioritet. Samarbeidet om å byggja ein ny og framtidssrettet kommune skal vere prega av likeverd, rausheit og forståing for kvarandre sin ståstad. Bærekraft med eit særskild ansvar for verdsarvområdet skal ligge til grunn for utviklinga i den nye kommunen.

Det skal oppretta ei fellesnemnd med eige mandat.

4. Hovudmål for den nye kommunen

Ein livskraftig bu- og arbeidsmarknadsregion i verdas vakraste reisemål.

- Vera ein god kommune å bu, leva og arbeida i der m.a. folkehelse er sentralt. Dei viktigaste velferdstenestene skal leverast der innbyggjarane bur.
- Den nye kommunen skal ha fokus på berekraftig kultur og naturbasert næring med spesiell merksemd på landbruk og reiseliv.
- Gjennom samordna planlegging for heile kommunen skal ein oppnå betre utnytting av areal til ulike formål.
- Den nye kommune skal vera offensiv og ta ein posisjon som gjev politisk påverknadskraft både regionalt og nasjonalt.
- Ha tilstrekkeleg kompetanse til å løysa framtidas utfordringar og ha god kvalitet i tenestene. Dette vil ein gjera ved å skapa større og sterkeare fagmiljø, som gjev betre grunnlag for rekruttering og kompetanseutvikling.
- God og langsiktig økonomistyring skal kjenneteikna den nye kommunen.
- Ha eit variert kulturliv og leggja tilhøva til rette for den viktige rollen som dei frivillige har i lokalsamfunnet. Dette skal ein oppnå ved å vidareutvikla kulturinstitusjonar og arrangement, og ved å styrka rammevilkåra for frivillige organisasjonar.
- Vera ein god og inkluderande arbeidsgjevar som legg vekt på medverknad, innovasjon og omstilling.
- Gjennom satsing på digitalisering og innovasjon i samarbeid med innbyggjarar, næringsliv og forskingsmiljø skal den nye kommunen vera langt framme når det gjeld å utvikla og ta i bruk nye løysingar som styrkar tenester og lokalsamfunn.

6. Politisk organisering og lokaldemokrati

Den politiske organiseringa i kommunen skal sikre lokal medverknad på kommunedelnivå og samtidig sørge for gode prosesser i spørsmål som gjelder utvikling av kommunen som heilskap.

Kommunestyret skal vedta budsjett og ha ansvaret for kommunen sin økonomi, kommuneplan, overordna arealplanlegging og tenesteproduksjon. Kommunestyret skal ha 43 medlemmer, for å sikre representasjon frå alle deler av kommunen.

Den nye kommunen skal vere organisert etter formannskapsmodellen med 9 medlemar i formannskapet.

I tillegg skal det i kvar kommunedel Aurland og Vik vere eit kommunedelutval jfr. kommunelova §12. Utvala skal ta utgangspunkt i kommunegrensene i dag.

Kommunedelutvala skal vera folkevalde organ og ha eige budsjett innanfor einskilde områder som berre gjeld lokalsamfunnet. Medlemmane i kommunedelutvala skal være direkte vald.

Det skal være 9 medlemmer i eit kommunedelutval.

Kommunestyret delegerer mynde til kommunedelutvala

Kommunedelutvala skal ha mynde og ansvar for saker som er viktige for stadutvikling og lokal identitet

Oppgåver for kommunedelutvala:

- ansvaret for lokale byggesaker
- tildeling av midlar til lag og foreiningar og einskilde kulturtiltak
- høyringsinstans i overordna reguleringssaker og politiske saker som gjeld innbyggjarane i kommunedelen.
- forvalte konsesjonsavgiftsfondet (kraftfond) med utgangspunkt i noverande kommunegrenser og skal vera ein varig kompensasjon for inngrep.

7. Administrativ organisering

Nye Voss skal være en kompetansearbeidsplass med sterke og solide fagmiljø.

Kommuneadministrasjonen skal organiserast slik at det blir teke omsyn til dette.

Kommunesenteret er lagt til Voss. Kommunesenteret skal vera motor for utviklinga i heile kommunen. Kommunesenteret skal innehalde det strategiske avgjerdsnivået (kommunestyret, rådmann og kommunalsjefar) og tilhøyrande stabsfunksjonar (økonomi, plan, personal, nærings-, sentral beredskap, sentralarkiv).

Dette inneber ikkje at all stabsrelaterte arbeidsplasser må lokaliserast i kommunesenteret.

Moderne informasjons og IT løysingar gjer at arbeidsplassar kan vere lokalisiert i alle kommunedelane.

8. Tenestetilbod

Kommunane er samde om å ha gode, likeverdige og kostnadseffektive tenester til innbyggjarane.

Brukarnære og stadbundne tenester skal løysast der innbyggjarane bur. Dette gjeld mellom anna barnehage, skule, sjukeheim, heimetenester, helsetenester (legeteneste, fysioterapitenesta, tannlege m.v.), NAV tenester, førebygging barn- og unge, kulturtilbod, kulturskule, bibliotek, enkelte tenestetorgfunksjonar, operative tekniske tenester, operativ brann- og redning og operativ miljø- landbruk- og utmarksforvaltning. Lokalisering av desse tenestene vert ikkje endra som følgje av ei samanslåing av dei tre kommunane.

Nokre kommunale tenester er ikkje stadbundne og kan lokaliserast friare i heile kommunen. Dette gjeld mellom anna, barnevern, PPT, omsorgstenester til ressurskrevjande brukarar, byggesak og planlegging, oppmåling og andre tekniske tenester. Utvikling av desse tenestene kan skje med utgangspunkt i eksisterande fagmiljø. Spesialtenester kan og lokaliserast utanfor kommunenesenteret. Kommunane er samde om å sikre kommunale arbeidsplasser og tenestetorg/sørviskontor i alle eksisterande kommunehus.

Harmonisering av tenestetilboden i kommunane starter opp så snart som mogleg etter endeleg vedtak om samanslåing (hausten 2017).

9. Andre tenester

Den nye kommunen skal arbeide for best mogleg tilbod for innbyggjarane der stat og fylkeskommune har ansvaret; sjukehus, prehospitale tenester (ambulanse), politi, kriminalomsorgen, vidaregående opplæring (inklusive SJH) og regional utvikling.

10. Interkommunalt samarbeid

I dag deltek kommunane i ei rekke interkommunale samarbeid. Nokre av desse kan vere føremålstenleg å halde fram med (døme på dette er legevaksamarbeid). Der det er tenleg skal tenestene tilbydast av den nye kommunen.

11. Økonomi og investeringar

Økonomi

Den nye kommunen sin økonomi skal vere i balanse og vere solid i eit langsiktig perspektiv. Kommunen må sikre seg eit forsvarleg økonomisk handlingsrom for å sikre gode tenester til innbyggjarane. Netto driftsresultat skal på sikt vere i samsvar med nasjonale tilrådingar. Lånegjelda skal være på et forsvarlig nivå. Kommunen skal betale ned på gjeld med avdrag som er lik eller større enn avskrivingar. Kommunen skal ha et tilstrekkelig stort disposisjonsfond for å kunne handtere uføresette utgifter.

Det samla skatte- og avgiftsnivået i den nye kommunen skal ikkje auke frå dagens nivå som følgje av kommunesamanslåing. Det skal gjennomførast ei vurdering av konsekvensane av ei omlegging.

Konsesjonskraftinntekter:

Meir- inntekter som følgje av større alminneleg forbruk skal nyttast til investeringsføremål og næringsutvikling i den nye kommunen. I 2015 var dette potensialet på 149 GWh.

Fellesnemda skal gjennomgå kommunane sine posisjoner i fond, stiftingar, aksjeselskap og pensjonsfond. Fornuftig finansforvaltning skal sikre at realverdien av kommunen sine

investeringar vert oppretthaldne. Budsjettet avkastning skal være realistisk og ta omsyn til prisstigning.

Fellesnemda skal foreta ein gjennomgang av investeringstrongen i den nye kommunen.

Investeringar

Investeringsprosjekt som allereie er innarbeida i dei tidlegere kommunane sine økonomiplaner, skal prioriterast den nye kommunen sitt budsjett og økonomiplan. Det er en føresetnad at prosjekta er fullfinansiert i balansert budsjett/økonomiplan.

12. Planlegging og infrastruktur Det skal vera ei overordna målsetting å realisera lokalsamfunnet sine behov og interesser, samstundes sjå desse i regional samanheng og vera konkurransedyktig i landsdel og landet.

Det skal være ein overordna prioritering å byggje ut gode kommunikasjonstilbod mellom kommunedelane. Det skal arbeidast for løysingar som gjer ny kommunen til ein reell felles bu og arbeidsregion.

Breibandstilbod og mobildekning må sikrast for folk og arbeidsliv i alle deler av kommunen

Kommunen skal vere ein pådrivar for utbygging av følgjande prosjekt:

- ❖ Realisering av Vikafjellstunnelen
- ❖ Realisering av rassikring og utbygging E16 Aurland-Voss
- ❖ Realisering av K5 alt. for veg/bane Bergen- Voss
- ❖ Prioritere aust-vest alternativ over Hemsedal

Samfunnsutvikling:

- Overordna samordring av arealdisponering, bustadbygging, strategiske val for næringsutvikling ligg til ny kommune.
- arealplanlegging, bustadbygging, næringsutvikling, miljø, energi kan vurderast i geografisk avgrensa temaplaner der dette er mest tenleg.
- Ny kommune skal være pådrivar for samferdsle løysingar, for statlege og fylkeskommunale tenester- og arbeidsplassar, nasjonale mål og strategiar.

13. Kommunen som arbeidsgjevar

Kommunesamanslåingsprosessen skal ivareta dei tilsette på ein god måte. Det er viktig å legge tilhøva til rette slik at arbeidstakarane ynskjer å fortsette å jobbe i den nye kommunen. Det skal etablerast ein arbeidsgjevarpolitikk som legg vekt på at det er tre ulike organisasjonskulturar som skal utviklast til ein felles organisasjonskultur i den nye kommunen. Ein kommunesamanslutning er ei verksemどsoverdragning. Det betyr at tilsette har sine rettar og plikter fastsett i lov og avtaleverk.

Bemanningsreduksjon skal skje gjennom naturleg avgang.

Eventuelle overaltelege skal tilbydast andre oppgåver i den nye kommunen..

Effektiviseringstiltak skjer gjennom naturleg avgang.

Ingen skal gå ned i løn og dei tilsette sine pensjonsrettigheter skal ikkje verte svekka som følgje av samanslåingsprosessen.

Arbeidsgjevarpolitikken skal spela på lag med fagforeiningane og fylgja regelverket på ein god måte, viser til vedlagde skriv frå Fagforbundet, NSF, Delta og UDF i Aurland dat.

22.02.16.

14. Involvering og informasjon

Fellesnemnda skal lage ein kommunikasjonsstrategi for samanslåingsprosessen. Vidare skal nemnda legge til rette for god informasjonsflyt og sikre god medverknad for innbyggjarar


15. Fellesnemnd

Det overordna målet for fellesnemnda er å førebu, samordne og gjennomføre arbeidet med å etablere og bygge den nye kommunen.

Fellesnemnda består av kommunestyre politikarar frå kvar kommune; 3 frå Aurland, 3 frå Vik og 5 frå Voss der Voss har leiar i nemnda. Det skal veljast varamedlemmar frå kvar kommune til fellesnemnda

I tillegg skal det skal etablerast eit partssamansett utval for samanslåingsprosessen, med tilsett representant frå kvar kommune. Arbeidsgjevar sine representantar veljast mellom fellesnemnda sine medlemmer.

Vik/Aurland/Voss 22.02.16



Olav Turvoll

Ordførar i Vik kommune



Noralv Distad

Ordførar i Aurland kommune



Hans-Erik Ringkjøb

Ordførar i Voss kommune

Vidare framdrift, førehandsrøysting, røysting og folkemøte

Folkerøysting og vedtak i kommunestyret

Det er no du som innbyggjar skal seia di meining. Før kommunestyra tek endeleg avgjerd kan alle innbyggjarar over 16 år gje si stemme i ei rådgjevande folkerøysting 23. mai. Kommunestyret gjer vedtak 16.juni.

Førehandsrøysting :

Frå 2. mai : måndag – fredag i tidsrommet frå kl. 09.00 til kl.15.00
Laurdag 21. mai kl. 11.00 – 13.00.

Røysting på institusjon:

Aurland Helsetun: fredag 20. mai frå kl. 11.00– kl. 13.00

Ambulerande røysting:

Velgarar som på grunn av sjukdom eller uføre ikkje har høve til å førehandsrøysta i rådhuset, kan søkje valstyret om å få førehandsrøysta i heimen/ eller der dei oppheld seg. Ta kontakt med Eli J. Ohnstad eller Margunn Tolleshaug, tlf. 57 63 29 00. **Frist : onsdag 18. mai.**

FOLKERØYSTING 23.mai 2016 - røystetider

Vangen krins	Rådhuset	kl. 12.00 - kl. 20.00
Vassbygdi krins	Messa E-Co	kl. 12.00 - kl. 19.00
Flåm krins	Flåm skule	kl. 12.00 - kl. 19.00
Undredal krins	Undredal skule	kl. 12.00 - kl. 19.00
Skjerping krins	Gamle Gudvangen Hotel	kl. 12.00 - kl. 19.00

Treng du meir informasjon

Du kan lese alt om reformarbeidet på nettsida til Aurland kommune www.aurland.kommune.no. Her finn du også det analysearbeidet som er utført av Telemarksforsking.

Folkemøte

- 27. april kl. 17.00 Gudvangen (Ungdomshuset på Skjerping)
- 27. april kl. 19.00 Undredal (Undredal skule)
- 28. april kl. 17.00 Flåm (Flåm samfunnshus)
- 28. april kl. 19.00 Vassbygdi (Ungdomshuset i Vassbygdi)
- 09. mai kl. 18.00 Aurland (Kommunestyresalen, rådhuset)